

Det rullande graskaret

– eit eventyr frå Iran



Det var ein gong ei gammal dame som budde i ein bitte liten landsby ved sida av ein stor og farleg skog i Iran.

Dottera hennar var gift og budde på den andre sida av skogen.

Den gamle dama sakna dottera si, og ein dag bestemte ho seg for å besøkje henne til Eid.



For å kome fram måtte ho gå gjennom den farlege skogen. Ho gjorde i stand ei skreppe med mat, tok på seg skorne og den lange, svarte, blomstra chadoren sin, og gjekk av garde. Ho gjekk og gjekk, og var snart djupt inne i skogen.

Medan ho gjekk, song ho: Alå doxtar balå qorbunatam man, be ghorbat rafti o heirunatam man. (Kjære dotter mi, eg elsker deg. Du har drege av stad til ein framand stad og eg lengtar etter deg).



Brått dukka det opp ein ulv framfor den gamle dama, og ho skvatt til. «Nam, nam, nam, for eit freistande måltid», sa ulven og sikla grådig.

Den gamle dama tok seg saman og sa: «Eg er då ikkje mat, eg er tynn med ein mage så flat. Kroppen min har lite feitt, så om du et meg, blir du slett ikkje mett.»

Ulven vart tørr i munnen og sa: «Kva skal eg gjere då, eg som er så svolten?» Og den gamle dama svara:

«Lat meg feire Eid med dotter mi. Eg skal ete ris med lammespyd. Når eg er tjukk og mett, kjem eg som ein nydeleg rett, som kan etast på eit brett.»

Det tykte ulven var ein god idé og han bad den gamle dama om å skunde seg, fordi han var så svolten. Ho skunda seg av garde.



Brått hoppa ein tiger ned frå eit tre, rett framfor henne. Tigeren viste dei skarpe klørne sine og sa: «Nam, nam, nam, for eit freistande måltid!» På nytt svara dama: «Eg er då ikkje mat, eg er tynn med ein mage så flat.

Kroppen min har lite feitt, så om du et meg, blir du slett ikkje mett.» Tigeren trekte klørne inn i potane igjen, og sa: «Kva skal eg gjere då, eg som er så svolten!»

Igjen svara den gamle dama: «Lat meg feire Eid med dotter mi.

Eg skal ete ris med lammespyd. Når eg er tjukk og mett, kjem eg som ein nydeleg rett, som kan etast på eit brett.» Tigeren gjekk med på det og bad henne skunde seg attende til han, fordi han var svært svolten. Den gamle dama skunda seg av garde.



Brått kom det ei løve som brølte til den gamle dama, medan løvemanken stritta. «Vent! Det er ei ære for meg å verte eten av løva – skogens konge! Men kongen fortener eigentleg eit endå betre måltid», sa den gamle dama og heldt fram: «Eg er då ikkje mat, eg er tynn med ein mage så flat. Kroppen min har lite feitt, så om du et meg, blir du slett ikkje mett.» Då løva hørde det, fall manken slapt ned, og han sa: «Kva skal eg gjere då, eg som ikkje har ete på ei veke!» Som før svara den gamle dama: «Lat meg feire Eid med dotter mi. Eg skal ete ris med lammespyd. Når eg er tjukk og mett, kjem eg som ein nydeleg rett, som kan etast på eit brett». Løva tykte dette var ein god idé og lova å vente til den gamle dama kom tilbake.



Da det hadde blitt mørk, kom den gamle dama endelig fram til datteren sitt hus.

Hun ble så glad av å se datteren sin at hun glemte alt som hadde skjedd på veien.

Hun ble hos sin datter i syv dager og syv netter og spiste masse god mat.

Så kom dagen da hun skulle ta farvel.

Plutselig husket hun alle de farlige dyrene som ventet på henne langs veien og ville spise henne, og fortalte dattera si om dette.


De satt seg ned og begynte å tenke.



Etter ei stund fekk dei ein idé. Dei fór til basaren og kjøpte eit stort graskar som dei tok med seg heim.

Dei skar av toppen og brukte skei, gaffel, hakke og spade til å grave ut innhaldet. Dei grov og grov, heilt til det berre var skalet att.

Så tok den gamle dama skreppa si i handa og klatra opp i graskaret.



Dottera la på loket, og
saman med mannen sin og
dei andre i landsbyen rulla
dei graskaret av stad.

Det rulla og rulla til det kom
djupt inn i skogen.




Brått treffe hovudet til den gamle dama veggjen på graskaret. Løva hadde stansa graskaret med den eine foten sin.

No såg løva på graskaret og spurde:

«Rullande graskar, fortel meg: Har du sett ei feit dame på din veg?»

«Nei, walla, rull meg, trill meg herifrå», svara den gamle dama inne i graskaret.

Og løva sette graskaret i fart igjen.



«Dunk!» Denne gongen var det tigersen som stoppa graskaret.

Tigersen spurde:
«Rullande graskar, fortel meg: Har du sett ei feit dame på din veg?»

«Nei, walla, rull meg, trill meg herifrå», høyrde tigersen frå graskaret, så han trilla det vidare.

«Dunk!» Igjen treffe hovudet til den gamle dama graskarveggen. No var det ulven som hadde stansa graskaret.

Han snusa på det og spurde:
«Rullande graskar, fortel meg: Har du sett ei feit dame på din veg?»

«Nei, walla, rull meg, trill meg herifrå», sa graskaret.

Men ulven kjende igjen stemma til den gamle dama. Han brukte dei kvasse tennene sine til å løfte av loket, og klatra sjølv inn i graskaret. Men den gamle dama hadde laga ei luke på den andre sida av graskaret også.

No opna ho luka og hoppa ut. Deretter let ho luka att midt på snuten til ulven, og skunda seg å late att loket på toppen også. No var ulven innestengd i graskaret.¹²





Den gamle dama, som no
var feit og sterk, skubba
graskaret av garde, med
ulven inni.

Graskaret rulla og rulla,
til det til slutt trilla ned i
ein djup, mørk dal.

Nøgd og glad gjekk den
gamle dama heim og laga
seg litt te.

Snipp snapp snute, så
var eventyret ute.



Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no